

# Tilskot til fartøyvern i Hordaland 2014



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE





## 01. M/S Midhordland

**Kommune:** Os

**Eigar:** Det Midhordlandske  
Dampskipsselskap,  
Holtbrekka 7  
5201 Os

**Kallesignal:** JXNN

**Kostnad:** 1.200.000

**Søknadssum:** 150.000

**Tilråding:** 50.000

### Kulturminne

M/S Midhordland har nasjonal status som verneverdig fartøy.

Ho vart bygd i 1947 på Stord Verft og gjekk i rute mellom Bergen og bygdene kring Bjørne- og Samnangerfjorden.

I 1962 vart Midhordland overteke av HSD og fikk den nye eigaren sine fargar på skrog og skorstein. Ruta vart nedlagt i 1970, fartøyet vart seld og gjekk mellom anna i chartertrafikk på Oslofjorden. I 1994 vart ho kjøpt heim av entusiastar som skipa ei stifting.

### Tiltak

Tilskotet skal brukast til reparasjon av propellaksling. Det er to år sidan problemet med akslingen oppstod, og det lyt reparerast i år.

Lager, flensar og hylse må reparerast, og i den samanheng må det skiftast stål i hekken.

### Tilråding

Dersom tiltaket vert utsett, er det fare for ytterlegare skade, noko som vil vere fordyrande for tiltaket.

Riksantikvaren løyvde i 2014 kr. 533.400 til tiltaket.

Kr. 50.000



## 02. M/S Bjørn Vest

**Kommune:** Kvinnherad

**Eigar:** Opsangervågen

Veteranbåtlag

**Kallesignal:** LLSB

**Kostnad:** 1.300.000

**Søknadssum:** 300.000

**Tilråding:** 50.000

### Kulturminne

M/F Bjørn West var fram til 1945 mineleggjaren TYR. KNM Tyr vart bygd på Marinens hovudverft i Horten i 1887.

Fartøyet var mobilisert i alle dei tre krisesituasjonane for landet vårt i nyare tid, - ved unionsoppløysinga i 1905, under 1. verdskrig og i aprildagane 1940. Etter krigen vart fartøyet sold til private og ombygd til tungløfteskip. I 1949 vart Tyr på nytt ombygd til bilferje og fekk namnet M/F Bjørn West, oppkalla etter Milorgbasen i Matrefjellet i Nordhordland.

### Tiltak

Tilskotet skal nyttast til å føre vidare utbetringa av fartyet som vart påbyrja i 2012. Fartyet skal på slipp for botnbehandling. Vidare trengst det gjerast stålarbeid, elektrikararbeid og generelt vedlikehaldsarbeid.

Til målingsarbeid vil ein nytta same typar måling og primer som tidlegare år. Sveising, eventuelt klinking, i samband med skifting av stål vil bli i samsvar med tidlegare nytta metodar. Elektriske komponentar som måtte bli overhalte eller skifta, vil vera like eller så like som mogeleg som dei komponentane som blir skifta ut.

### Tilråding

M/F Bjørn West er, grunna si historie som marinefartøy og seinare ferje, eit særskild fartøy både i lokal, regional og nasjonal samanheng.

Har fått tildelt status som verneverdig fartøy. Viktig at tiltaka som er starta opp, vert slutført.

kr. 50.000



### 03. Gurine

**Kommune:** Kvinnherad  
**Eigar:** Interesselaget for galeas Gurine, Vangsvegen 13  
5470 Rosendal

**Kallesignal:** LIPG

**Kostnad:** 2.214.896  
**Søknadssum:** 350.000

**Tilråding:** Avslag

#### Kulturminne

Gurine vart bygd som jakt i Rosendal i 1874-1875 av den kjende meisteren Jøra Knufn. Av andre fartøy han bygde er polarskuta Gjøa(1872) og Loyal(1877) mest kjend. Gurine var i kommersiell fart heilt fram til 1980 talet. Då vart ho rigga om til galeas og låg i Bergen dei siste 25 åra. Dei siste åra vart det därleg med vedlikehaldet og ho var i svært därleg stand då Interesselaget overtok ho. Den 27. mai 2011 vart galeas Gurine slept frå Bergen til Rosendal.

#### Tiltak

Tilskotet skal m.a. nyttast til garnering, mastrer og anna rundholt, materialar til dekkshus, spikar, naglar, segl og tauverk.

#### Tilråding

HFK har motteke brev frå Riksantikvaren. I brevet står det at dersom HFK nyttar fartøyvernmidlar til fartøy som ikkje står på lista som verneverdige fartøy, vert eit tilsvarande beløp trekt frå Riksantikvaren si løyving til fartøyvern i Hordaland. 50% av midlane til denne tilskotsposten kjem frå Riksantikvaren. Dette vil få følgjer for 3 viktige fartøy i Hordaland, Seladon, Loyal og Gurine. Dei er alle viktige kulturberarar i Hordaland og gjer ein framifrå innsats for kystkulturen, men dei lyt finne andre finansieringskjelder. Administrasjonen vil sjå på saka.

Avslag

## 04. M/B Ingrid

---

**Kommune:** Meland  
**Eigar:** Torfinn Eide,  
Grønnhaugvegen 19,  
5917 Rossland

**Kallesignal:** LM 4135

**Kostnad:** 135.000  
**Søknadssum:** 55.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

M/B Ingrid var opphavleg bygd som turbåt i 1961. Den er no fiskebåt.

### **Tiltak**

Eigar søker om midlar til diverse utstyr som VHF, spylepumpe, kraftblokk, setteutstyr, reinsestampar for fisk.

### **Tilråding**

I retningslinene punkt 1. står det at «målet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand fartøy...»

Tiltaka som er skissert rimar därleg med dette føremålet. Tiltaka det søkast Om er i all hovudsak utstyr til fiske. Eigar har sparsamt med opplysningar om fartøyet sin kulturminneverdi. Det er heller ikkje søkt Riksantikvaren om status som verneverdig fartøy.

Avslag



## 05. M/S Buesund

**Kommune:** Lindås

**Eigar:** Helge Neteland,  
Fjellangersvingane 191,  
5955 Lindås

**Kallesignal:** 3YSK

**Kostnad:** 1.300.000

**Søknadssum:** 230.000

**Tilråding:** 40.000

### Kulturminne

Buesund er bygd på Sunde båtbyggeri i 1957. Vart brukt til fiske fram til 1975, og har sidan den tid vore brukt som fritidsbåt. Motor er ein 25 hk Wichmann.

Det har ikkje vore gjort endringar på fartøyet bortsett frå innreiinga i lasterommet.

### Tiltak

Skifting av 12 spant på kvar side, skifting av hudplank frå vasslinna og opp, 8 hudgangar på kvar side. Driving av hud. Skifting av rekkestøtter, topprekke. Skal nytte same metode som i 1957 og bruke furuplank og drev.

### Tilråding

Fartøyet står på Riksantikvaren si liste over verna fartøy. Samla kostnad på tiltaket er 1.3mill, medan det søkjast fylkeskommunen om kr. 230.000. Tiltaka kan splittast opp og gjerast over fleire år. Det er tidlegare løyvd kr. 50.000 til tiltaket. Arbeidet er ikkje starta opp grunna godt grunngjeve tilhøve. Dette er no i orden og eigar har gode handverkarar til å utføre arbeidet.

Kr. 40.000



## 06. M/F Gamle Bjørnefjord

**Kommune:** Odda

**Eigar:** Stiftelsen M/F Bjørnefjord  
Hølefjord 5

**Kallesignal:** LCRJ

**Kostnad:** 221.250

**Søknadssum:** 70.000

**Tilråding:** 40.000

### Kulturminne

M/F Bjørnefjord vart bygd på Bergens mek. Verksteder. Ferja vart prototypen på dei velkjende HSD-ferjene. I alt 6 ferjer, nokolunde identiske, vart bygde over denne leisten, og dei fekk tilnamnet "dei seks søskjen". Ferjene var tilpassa lange strekningar, hadde utsynssalong på dekket og salong med utsal både oppe og nede. M/F Bjørnefjord vart fasa ut i 1988 og over teken av eit oppdrettsannleg.

### Tiltak

Stålarbeid, dokksetting, skifting av anodar, botnstoff, m.m. Målingar av kvalitet og tjukkelse på stålet.

### Tilråding

Fekk kr. 40.000 til tiltaket i 2012, men stiftinga skal nytte deltakarer som er på sysselsettingsprosjekt til arbeidet. Dette baud på oppstartvanskars, men ein vonar at arbeidet kjem i gang i år. Fartøyet fekk vernestatus av Riksantikvaren i 2011. Odda kommune løyvde i 2013 kr. 785.000 til MF Bjørnefjord.

Kr. 40.000.



## 07. M/S Axel

**Kommune:** Fitjar  
**Eigar:** Odd Harald Turøy,  
Nordresjøv.10  
5419 Fitjar

**Kallesignal:** LCMC

**Kostnad:** 600.000  
**Søknadssum:** 350.000

**Tilråding:** 40.000

### Kulturminne

MS Axel er ein Stålfraktebåt som er bygd i 1878 i Lindholmens Varv i Göteborg og forlenga på Haugesund mek. i 1953. Fartøyet gjekk i passasjertrafikk på vestkysten av Sverige, men vart seld til Oslo i 1883. Sidan har fartøyet vore i norsk eige. Båten byrja sitt liv som passasjerbåt, men i 1897 vart skipet ombygd til bukséringsskip. I 1959 vart fartøyet bygd om til lasteskip. Seinare vart M/S Axel og nytta som fiskebåt. Statens Dykkarskole var dei siste som brukte båten til oppdrag langs norskekysten.

### Tiltak

Tilskotet skal nyttast til å restaurere hekken på fartøyet. Hekken er frå 1878, og stålet må skiftast. Dette partiet er delvis klinka, og Dåfjorden verft er det einaste verftet på Vestlandet som kan klinke stål.

### Tilråding

Eit viktig tiltak, men kostnadene knytt til prosjektet er høge.  
Kr. 40.000



## 08. M/F Skånevik

**Kommune:** Stord

**Eigar:** Ferjelaget «Skånevik»  
Hamnegata 22,  
5411 Stord

**Kallesignal:** LLVX

**Kostnad:** 1.700.000

**Søknadssum:** 300.000

**Tilråding:** 260.000

### Kulturminne

MF Skånevik er ei bilferje bygd i 1967 for HSD. Etter mykje arbeid overtok eigarane Skånevik i mars 2005. Ho vart seinare freda saman med Skibladner. Desse var dei første fartøya i landet som vart freda etter Kulturminnelova.

### Tiltak

- 1) Sertifisering av fartøyet.
- 2) Skifting av stål inne på skansekledning, for tilkomst til hydraulikk røyr til baug og fallem.
- 3) Sandblåse og male fortau og stål- delen av bildekk, og sandblåse og male båtdekk.
- 4) Slipe og flikke salongdekk.
- 5) Nye foringer, då klaringane er over akseptabelt mål.
- 6) Propell akslingar må ut, for skiftning av pakningar. Dette grunna lekkasje av hylseolje.
- 7) Propell må samtidig skiftast, og det må skiftast akslingar.

### Tilråding

Hordaland fylkeskommune har vore ein aktiv part i arbeidet med å frede og ta vare på denne ferja. Viktig å sorgje for at fartøyet framleis er i god stand. Skånevik vart, i lag med Skibladner, freda i 2006. Desse var dei første fartøya i Norge som vart freda etter kulturminnelova. Fartøyet har hatt store etterslep i økonomien. Skånevik fekk i 2014 kr. 1.269.000 frå Riksantikvaren. Kr. 260.000



## 09. M/K Sjøgutt ( ex Terje)

**Kommune:** Bergen

**Eigar:** Terje Midtun,  
Formannsv. 29  
5037 Bergen

**Kallesignal:** LM2237

**Kostnad:** 692.612

**Søknadssum:** 200.000

**Tilråding:** 50.000

### Kulturminne

M/K Sjøgutt er eit kravellbygd kystfiskefartøy/kutter i furu. Fartøyet vart bygd i Mauranger 1921 og ombygd på Ådnanes i Bømlo i 1954.

Opphavleg vart ho nytta til sildefiske, pigghåfiske og følgebåt på brisling og störjefiske. Siste tida i fiskeri som reketrålar på Møre.

M/K Terje har ein semidiesel, Wichmann/"Rubb" 20hk 1947

### Tiltak

Dekket må skiftast ut. Det må skiftast 8 dekksbjelkar, 4 stikkbjelkar, kravellar m.m. Heile dekket må drivast, bekast og oljast.

### Tilråding

Dekket er no så dårlig at det lek vatn gjennom bjelkane. Romma under får vatnskadar og arbeidet lyt gjerast i år. Det er skissert eit omfattande opplegg for korleis arbeidet skal gjerast av fagutdanna skipstømrarar. Fartøyet vert mykje nytta på festivalar og andre arrangement.

Riksantikvaren løyvde i 2014 kr. 200.000 til tiltaket.

Kr. 50.000



## 10. M/S Vestgar

**Kommune:** Fjell

**Eigar:** Øygardsbåtane A/S,  
Geitanger, 5360 Kollveit

**Kallesignal:** LMEA

**Kostnad:** 587.000

**Søknadssum:** 290.000

**Tilråding:** 50.000

### Kulturminne

M/S Vestgar vart bygd i 1956 og vart innreia som tradisjonell rutebåt og sjøbuss, med både postkontor og kreaturstall.

Den siste rutebåten som gjekk i rute Mellom Bergen, Fjell og Øygarden. Noverande eigarar overtok fartøyet i 2007. Stålskrog med overbygg i aluminium.

### Tiltak

Båtdekket akterut er i därleg forfatning. Det trekkjer regnvatn ned akterut i bakre del av taket i salongen på hovuddekket. Innreiingsarbeidet i salongane stoppar opp inntil dekket er tett.

Nokre av røyrene i maskinrommet er midlertidige og må skiftast ut. Dekket er råteskada, og truleg må heile dekket skiftast.

### Tilråding

Vestgar vart freda av Riksantikvaren i februar 2014, og er det mest intakte fartøyet som er att av dei såkalla sjøbussane. Det er utarbeidd ein god og omfattande rapport om arbeidet som er gjort, og arbeid som står att å gjere. Vestgar fekk ei løyving på kr. 1.156.455 av Riksantikvaren i 2014.

Kr. 50.000



## 11. Gamal loddebåt

---

**Kommune:** Osterøy  
**Eigar:** Ragnar Vikesund,  
5284 Tyssebotnen

**Kallesignal:**

**Kostnad:** 20.000  
**Søknadssum:** 15.000

**Tilråding:** Avslag

---

### Kulturminne

Loddebåt som er bygd i byrjinga på 1950-talet på Askvik i Os. Vart nytta i brislingfisket på 1960-talet, og då brislingfisket tok slutt vart båten lagra i eit naust.

### Tiltak

Montering av ein 6-8hk Marna. Skifting av båtsaum og skifting av bord.

### Tilråding

Eit god prosjekt, men det er vanskeleg å tilrå dette målt opp mot dei andre søknadene. Det vert ikkje opplyst om det er søkt om vernestatus for fartøyet.

Avslag



## 12. M/F Folgefonn

**Kommune:** Kvam  
**Eigar:** Hardanger og Voss Museum  
5778 Utne

**Kallesignal:** LCNE

**Kostnad:** 300.000  
**Søknadssum:** 100.000

**Tilråding:** 60.000

### Kulturminne

M/F Folgefonn vart levert til Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap (HSD) 1. juni 1938. Den einaste ferja i fylket som hadde såkalla midtcasing, det vil seie at trappehuset med nedgang til salongen delte bildekket, og at bilane kørde inn på begge sider. Etter at ferja vart seld til utlandet, har ho blitt henta heim av Hardanger og Voss museum, som vil bruke ho i formidlingssamanhang.

### Tiltak

Demontering av innreiing og tredelar for tilkomst til stålkonstruksjon på båtdekk og naudsynt vedlikehald. Skansekledning og overbygg til bildekk utvortes og innvortes. På skroget flassar det av i flak enkelte stader også korrosjon. Måling på skroget.

### Tilråding

Folgefonn vart freda av Riksantikvaren i 2011, og tiltaka som skal gjerast er alle viktige. Riksantikvaren løyvde i 2014 kr. 360.020 til arbeidet, men framleis vantar det mykje midlar for å fullføre prosjektet.  
Kr. 60.000



### 13. M/K Vikingen

**Kommune:** Kvam  
**Eigar:** Hardanger og Voss Museum  
5778 Utne

**Kallesignal:** LEYC

**Kostnad:** 115.000

**Søknadssum:** 50.000

**Tilråding:** 40.000

#### Kulturminne

Vikingen er ein fin representant for hardangerkutterane. Fartøyet vart nytta som fiskebåt på heile kysten frå Rogaland til Finnmark.

1941 gjekk Vikingen til Shetland med seks mann. Etter krigen vart Vikingen brukt til fiske fram til 1978.

No nytta i formidling, ungdomsarbeid i samarbeid med Nordsjøfartsmuseet.

#### Tiltak

Vedlikehald av dekk og master med rå linolje og tjøre. Vedlikehald av styrehus m.m. Kostnader til forsikring og tryggleikutstyr.

#### Tilråding

Eit godt tiltak. Det søkjast om kr. 50.000, men det er knapt med midlar og administrasjon rår til at Hardanger og Voss museum får avgjere kva midlane skal nyttast til.

Kr. 40.000



#### 14. M/Y Faun

**Kommune:** Kvam  
**Eigar:** Hardanger og Voss Museum  
5778 Utne

**Kallesignal:** JXDF

**Kostnad:** 215.000  
**Søknadssum:** 100.000

**Tilråding:** 20.000

#### **Kulturminne**

Lystbåten Faun vart bygd i Bergen i 1916 for Einar Michelsen, son til Christian Michelsen, som overtok fartøyet etter at sonen døydde. Seinare lystfartøy for andre bergenske reiarar og forretningsmenn. Båten vert i dag nytta som museumsfartøy og til formidling.

#### **Tiltak**

Måling og lakking og botnstoff skrog. Måling og lakking overbygg. Forsikring og sertifisering av flåtar m.m.

#### **Tilråding**

Godt tiltak, men lite midlar, og fartøyet kan i verste tilhøve tåle ei utsetjing av delar av arbeidet.

Kr. 20.000



## 15. S/J Mathilde

---

**Kommune:** Kvam  
**Eigar:** Hardanger og Voss Museum  
5778 Utne

**Kallesignal:** LILK

**Kostnad:** 665.000  
**Søknadssum:** 200.000

**Tilråding:** 80.000

---

### Kulturminne

S/J Mathilde er ei hardangerjakt som vart bygd i 1884 i Ølve i Kvinnherad. Gjekk i rute til Lofoten der ho kjøpte skrei som vart salta og tørka før fisken vart sold til Bergen. Fartøyet gjekk i fraktefart fram til 1982.

Etter at ho vart ferdig restaurert i 1989 har ho segla med skuleklasser vår og haust. Om sommaren seglar ho kysttokt.

### Tiltak

Arbeid i samband med 10-års klassing. Vedlikehald av rigg, skrog og innreiing. Forsikring, flåtesertifisering, naudutstyr m.m.

### Tilråding

Viktig tiltak på ei skute som vart nytta mykje til ymse føremål for museet, HFK og kommunen. Mathilde er truleg landets mest aktivt drivne museumsfartøy og verdien for ålmenta er uvurderleg.

Riksantikvaren løyvde i 2014 kr. 282.000 til tiltaket.

Kr.80.000



## 16. M/B Quest

**Kommune:** Bergen

**Eigar:** Gerhard Eikeland

Solbrekka 9, 5122 Morvik

**Kallesignal:** JXVR

**Kostnad:** 318.750

**Søknadssum:** 218.750

**Tilråding:** 90.000

### Kulturminne

M/B Quest vart bygd for Hansa Bryggerier i 1943 men vart rekvirert av tyskarane og gjekk som vaktfartøy til 1945. Fartøyet var deretter i aktiv bruk. Agentbåt for Hansa Bryggerier under namnet "Hansa II" til det vart sold til Woldemar Jacobsen i 1972. Quest var agentbåt til 1974. Fartøyet er godt teke vare på av noverande eigar.

### Tiltak

Dekket på Quest må skiftast. Sjølv om treet har blitt slipt, pussa og olja kvart år, er det kome sprekkar i treet som fører til lekkasje under dekk. Det er sette opp plast under dekket for å ta unna vatnet.

### Tilråding

Skipstømraren på Sagvåg har gitt eit pristilbod på arbeidet og rår til at arbeidet vert gjort straks for å hindre ytterlegare skade på fartøyet. Quest har teke del på mykje av det som har vore av festivalar og arrangement i Hordaland. Administrasjon rår til at eigaren får løyve om å søkje om fleire midlar til tiltaket ved neste utlysning. Fekk vernestatus i 2013. God søknad og viktig tiltak.  
Kr. 90.000



## 17. S/S Seladon

**Kommune:** Fitjar

**Eigar:** Smedholmen A/S,  
Kyst og Nat.skule.  
5419 Fitjar

**Kallesignal:** LIPJ

**Kostnad:** 560.000

**Søknadssum:** 250.000

**Tilråding:** Avslag

### Kulturminne

Ein to-mastra seglkutter på 58 fot bygd i Svoldal i Hardanger i 1937. Fartøyet var opphavleg utrusta for fiske og har mykje originalt i seg. I meir enn 20 år har seglkuttaren hatt sin virke på Smedholmen og vore ein del av miljøet der.

### Tiltak

Fornying av stormast og rigg. Hogging av mastrar er ein tidkrevjande prosess. Masta vart hoggen for fleire år sidan, og har lege i brakkvatn i 2 år for å få seigkeit. Arbeidet skal gjerast som lekk i kursverksemde.

### Tilråding

HFK har motteke brev frå Riksantikvaren. I brevet står det at dersom HFK nyttar fartøyvernmidlar til fartøy som ikkje står på lista som verneverdige fartøy, vert eit tilsvarande beløp trekt frå Riksantikvaren si løyving til fartøyvern i Hordaland. 50% av midlane til denne tilskotsposten kjem frå Riksantikvaren. Dette vil få følgjer for 3 viktige fartøy i Hordaland, Seladon, Loyal og Gurine. Dei er alle viktige kulturberarar i Hordaland og gjer ein framifrå innsats for kystkulturen. Tidlegare har både Seladon og Loyal fått midlar frå denne tilskotsordninga. Seladon arrangerer turar og kurs for skuleungdom, barnehagar, folkehøgskular, lærarhøgskular, organisasjonar og bedrifter. Drifta av Seladon har gitt prisar frå fylket, Forbundet Kysten, kommunen og Johannes Kleppeviks minnlefond. Ei god søknad, men grunna brevet frå Riksantikvaren kan vi ikkje tilrå midlar frå denne tilskotsposten. Administrasjonen vil vurdere alternative løysingar.

Avslag



## 18. S/S Loyal

**Kommune:** Sund

**Eigar:** Audun Hausberg,  
5379 Steinsland

**Kallesignal:**

**Kostnad:** 1.765.000

**Søknadssum:** 415.000

**Tilråding:** Avslag

### Kulturminne

Galeasen Loyal vart bygd i Rosendal i 1877 av Knut Johannessen Nes som også var båtbyggjaren til Gjøa, seglskuta som Roald Amundsen drog til nordvest-passasjen med.

Loyal har ei lang historie som frakteskute. Ho vart bygd for fiskefrakt, men tok også anna gods. Fartøyet vert mykje brukt i undervisningssamanheng for å ta vare på våre sjøfartstradisjonar. På folkemunne går Loyal under namnet "kvitegaleasen", kjend for sine smekre liner og flotte skrog.

### Tiltak

Master og bommar skal pussast, reparerast og handsamast på nytt. Ståande rigg overhalast og ein del av stag og barduner skiftast ut. Dekket natast om på nytt. Ballast vert teken ut og botn innvendig reingjerast og inspiserast. 5-års klassing med akseltrykk samt inspeksjon av 3 kjølboltar og fundamentboltar. Gjennomføringar i skrog kontrollerast.

### Tilråding

HFK har motteke brev frå Riksantikvaren. I brevet står det at dersom HFK nyttar fartøyvernmidlar til fartøy som ikkje står på lista som verneverdige fartøy, vert eit tilsvarande beløp trekt frå Riksantikvaren si løyving til fartøyvern i Hordaland. 50% av midlane til denne tilskotsposten kjem frå Riksantikvaren. Dette vil få følgjer for 3 fartøy i Hordaland, Seladon, Loyal og Gurine. Ei god søknad, men grunna brevet frå Riksantikvaren kan vi ikkje tilrå midlar frå denne tilskotsposten. Administrasjonen vil vurdere andre løysingar.  
Avslag



## 19. D/S Oster

**Kommune:** Lindås

**Eigar:** Nordhordland

Veteranbåtlag. P.b. 26,  
5991 Ostereidet

**Kallesignal:** LEPF

**Kostnad:** 510.000

**Søknadssum:** 150.000

**Tilråding:** 130.000

### Kulturminne

D/S Oster vart bygd på oppdrag frå Indre Nordhordland Dampskipsselskap.

I 1915 vart skroget forlenga på Mjellem & Karlsen. På midten av 1960 talet vart fartøyet ombygd til dieseldriven fraktebåt.

For om lag 10 år sidan kjøpte NVHL heim fartøyet (MS Vaka) og starta arbeidet med attendeføring til 1964 utsjånad.

Nordhordland Veteranbåtlag som eig Oster, har i dag om lag 700 medlemmar.

### Tiltak

Reparasjon av skuteside. Spant og hudplater må reparerast. Demontering, deretter montering av innreiing. Måling, slippsetting, botnsmøring og skifting av anodar. Montering av nytt bussgatt på babord side. Utskifting av anker og anerkjetting (brukt utstyr). Nye trosser (pålegg frå Riksantikvaren). Resertifisering av 4 stk. oppblåsbare flåtar og kjøp av 6 nye overlevingsdrakter.

### Tilråding

Ei god søknad. Kostnadsoverslag med dokumentasjon er gjort godt greie for. Tiltaka som skal gjerast er naudsynte.

Kr.130.000



## 20. D/S Stord I

**Kommune:** Bergen

**Eigar:** Stiftelsen D/S Stord I

Postboks 1740, Nordnes  
5816 Bergen

**Kallesignal:** LEYT

**Kostnad:** 4.430.000

**Søknadssum:** 750.000

**Tilråding:** 320.000

### Kulturminne

D/S Stord vart bygd i 1913 for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap. Dette er ein typisk representant for dei større dampdrivne ruteskipa som gjekk langs kysten og i fjordane frå 1880-talet og til langt ut på 1950-talet. Stord gjekk ut av rutefart i 1969. Laget overtok D/S Stord I i 1981 etter lang tid i opplag som losjibåt i Oslo.

### Tiltak

Passasjersertifikat, isolering av kjele og steamrøyr. Innkjøp av septiktank og gråvatnanlegg. Vatn og vask skipperlugar. Vedlikehald som ikkje er ferdigstilt. Presenning for vinterlagring. Trapp, stolar og div. utstyr.

### Tilråding

Ein god søknad frå ein organisasjon som driv godt arbeid innafor fartøyvernet i Hordaland. Etter lang tids arbeid skal D/S Stord ha sin første ordinære sesong som seglende veteranskip med passasjerar. Dei søker HFK om kr. 800.000 og dei har søkt Riksantikvaren om 2,8mill. Dei har fått avslag frå Riksantikvaren, og dei har eit kostnadsoverslag for 2014 på kr. 4.430.000. D/S Stord har vore ei viktig inntektskjelde for Hardanger fartøyvernssenter. Av kostnadsoverslaget går det fram at dei har finanslån på 2,7mill. Administrasjonen er uroa for finansieringa av dette prosjektet, og har vore i kontakt med Riksantikvaren. D/S Stord er det største fartøyvernprosjektet for passasjerskip i landet og har ein framifrå organisasjon til å drife prosjektet, men investeringsbehovet er stort før fartøyet kjem i drift.  
Kr. 320.000



## 21. M/S Skjærsund

**Kommune:** Bergen

**Eigar:** Knut Erik Grung,  
Kråkenesv.45  
5152 Bønes

**Kallesignal:** LCLI

**Kostnad:** 2.981.000

**Søknadssum:** 1.000.000

**Tilråding:** Avslag

### Kulturminne

Skjærsund vart bygd som jakt i Rosendal i 1898 og vart ombygd til frakteskute i 1950 ved Sæbøvik på Halsenøy. Ho gjekk i fraktfart på Vestlandet fram til 1986. Noverande eigar kjøpte fartøyet i 1997.

### Tiltak

Skifting av spant og hudplank under vasslinna. Innvortes arbeid med garnering dersom finansiering kjem på plass. Tjæring, bleiking og skraping. Det skal nyttast tradisjonelt handverk.

### Tilråding

Eit godt fartøyvernprosjekt. I fjar vart det peika på av administrasjonen at eigar ikkje hadde søkt Riksantikvaren om status som verneverdig fartøy. Vi kan ikkje sjå at dette er gjort.

Avslag



## 22. M/S Lete (ex Norkabel)

**Kommune:** Kvinnherad

**Eigar:** Halsnøy historiske senter  
Høylandsbygdvegen 435

**Kallesignal:** LMFH

**Kostnad:** 2.995.000

**Søknadssum:** 465.000

**Tilråding:** 40.000

### Kulturminne

M/S "Lete" vart levert frå Standard Båtbyggeri i Drammen i 1947 til Telegrafverket som kabelbåten M/S "Nordkabel". M/S "Nordkabel" vart stasjonert i Bodø og opererte i Nordland, Troms og Finnmark. I 1980 vart skipet solgt til Bergen Dykkerklubb og namnet endra til "Lete". Skipet framstår i all hovudsak som intakt og med originalt maskineri. Noverande eigar overtok skipet i 2010.

### Tiltak

Eigar har lista opp 13 tiltak. Av desse er utvendig reparasjonsarbeid, div. tiltak på propell, propellaksling, ror og rorlager det mest kostnadskrevjande. Reparasjon av dekk og rekker, og innreiing er også kostnadskrevjande tiltak.

### Tilråding

Omfattande tiltak skal gjerast på eit fartøy som er av høg verneverdi og som fekk vernestatus i 2011. Truleg det einaste fartøyet av denne typen som har fått vernestatus. Tiltaket vil gje god effekt for ålmenta.

Kr. 40.000



## 23. M/S Granvin

**Kommune:** Bergen

**Eigar:** Veteranskipslaget  
Fjordabåten, P.boks  
1740, Nordnes,  
5816 Bergen

**Kallesignal:** LGDC

**Kostnad:** 1.100.000

**Søknadssum:** 200.000

**Tilråding:** 100.000

### Kulturminne

Det første fartøyet som vart bevart i Hordaland etter at veteranskipslaga vart oppretta. Fartøyet vart opphavleg bygd som ein passasjer/ferjebåt. M/S Granvin gjekk i rutefart for Hardanger Sunnhordlandske frå 1931 fram til 1987. M/S Granvin vart freda i 2011 av Riksantikvaren.

### Tiltak

Det står att mykje stålarbeid på Granvin. I tillegg skal det gjerast trearbeid i postlugaren og på tredekket. Mykje utstyr må demonterast når arbeidet gjerast. Båten må på slipp for å utbetre spygatt i lasterom.

### Tilråding

Naudsynte tiltak på eit fartøy som vart freda av Riksantikvaren i 2013.

Søknaden kunne ha vore noko betre utdjupa.

Kr.100.000



## 24. M/K Vaarsol

**Kommune:** Kvinnherad

**Eigar:** Opsangervågen  
veteranskipslag,  
Sundsvegen 10  
5450 Sunde

**Kallesignal:** LCVT

**Kostnad:** 95.000

**Søknadssum:** 70.000

**Tilråding:** Avslag

### Kulturminne

Fiskefartøyet M/K Vaarsol vart bygd av Tørres Skaaluren, Rosendal, for brødr. Skavhellen, Fana.

Vaarsol høyrd heime i Fana til ho vart sold til fam. Pedersen i Kjerkfjorden, Reine i Moskenes kommune i Lofoten på 1940-talet. I 2007 vart ho sold til Vesterålen der ho var "kvotebåt" i eit år til ho vart strukturert i mars 2008. Noverande eigarar overtok fartøyet på Blokken Verft i august 2008.

Ein stor del av tida i Nord-Norge hadde ho namnet Svatind, men fekk tilbake originalnamnet Vaarsol i 2008.

### Tiltak

Utbetring av lekkasje. Fleire kjølboltar vart skifta for 10 år sidan, men ikkje alle. Det kan vere ein eller fleire kjølboltar som er tært av. Det kan også vere drev som må skiftast i støytane eller laminering som har slept i natane. Rundt lyskastaren i styrehustaket har det vore lekkasje i lengre tid. Sponplatene med respatex har difor trekt vatn og rotna. Ein del av kledningen oppunder styrehustaket må skiftast.

### Tilråding

Reparasjonane skal gjerast av fagfolk. Det er søkt Riksantikvaren om status som verneverdig fartøy, men det ligg ikkje føre svar på denne søknaden.

Avslag



## 25. Loddebåt ex D/S Utrøst

**Kommune:** Kvinnherad

**Eigar:** Opsangervågen  
veteranskipslag,  
Sundsvegen 10  
5450 Sunde

**Kallesignal:**

**Kostnad:** 45.000

**Søknadssum:** 20.000

**Tilråding:** Avslag

### Kulturminne

Loddebåten skal, iflg føre eigar fam. Bjelkerøy, vere den første som Askvik bygde i aluminium. Hudplatene er klinka saman og spikra til stevn, kjøl og stilk i eik med jernspiker. Denne "blandinga" var uheldig, det oppstod tæringar med følgjande lekkasjar. Det vart difor ikkje bygd så mange båtar på denne måten. Originalmotoren, Marna type K, 8-11 hk står i båten framleis.

### Tiltak

Stevn, kjøl og stilk er i därleg forfatning og må skiftast. Motoren "står i sju steinar", så den må i bløyt og løysast opp. Tiljer, vaterbord og tofter fornyast.

### Tilråding

Eit godt tiltak, men det ligg ikkje føre søknad om vernestatus for fartøyet. Vi har vald å prioritere søknaden frå Opsanger veteranbåtlag om midlar til Bjørn West.

Avslag.



## 26. Motordorry ex D/S Utrøst

**Kommune:** Kvinnherad

**Eigar:** Opsangervågen  
veteranskipslag,  
Sundsvegen 10  
5450 Sunde

**Kallesignal:** H-20-FA

**Kostnad:** 91.000

**Søknadssum:** 41.700

**Tilråding:** Avslag

### Kulturminne

Ex D/S Utrøst, bygd 1870, vart brukt til fiske 1945-65. Det var den siste kolfykte dampsnurparen i Noreg. Dorryen vart då utleidt til Austevoll i ca. 10 år. Deretter vart ho lagra på land under bølgjeblekktak til 2012.

### Tiltak

Laget har skifta ut 800 saum i båten og dei arbeider no med utskifting av därlege bord i huda samt kjøl. Laget har fått dreia nye trenaglar i al-furu og skore til nye kilar i brake. Desse skal brukast til å skifte ut därlege naglar mellom hud og spant. Det er arbeidd dugnad på båten 5 dagar i veka sidan 21.10.2013. Delar av restaureringa går som kurs støtta av Studieforbundet kultur og tradisjon. Båten treng kjøl, kjølboltar, furubord til hud, furubord til tiljer og motorkasse, m.m.

### Tilråding

Eit omfattande arbeid gjerast, og det er til gagn for ålmenta. Det er ikkje søkt vernestatus for Utrøst, og vi finn ikkje rom for å prioritere det ved denne tildelinga.

Avslag



## 27. M/S Lenda

**Kommune:** Meland

**Eigar:** Holsnøy Kystlag,  
Skjelangervegen 661,  
5917 Rossland

**Kallesignal:** LJQU

**Kostnad:** 157.063

**Søknadssum:** 94.063

**Tilråding:** Avslag

### Kulturminne

M/S Lenda vart bygd i 1951 som fiskebåt, og ombygd til reketrålar i 1990.  
Fartøyet er eigm av Holsnøy kystlag.

### Tiltak

I vedlegget til søknaden er det innhenta kostnadsoverslag til toalett og tilbygg.  
Overbygget skal oppgraderast, fordi fartøyet ikkje har sanitære anlegg som er  
naudsynt for utvida bruksområde.

### Tilråding

Det vert ikkje opplyst om fartøyet har søkt status som verneverdig fartøy.  
Uansett vanskeleg å prioritere dette tiltaket fordi det berre gjeld oppgradering.  
Avslag



## 28. M/K Linholm

**Kommune:** Kvinnherad  
**Eigar:** Jim Hjelmeland,  
Herøysundvveien 255  
5462 Herøysundet

**Kallesignal:** LKZD

**Kostnad:** 95.000  
**Søknadssum:** 90.000

**Tilråding:** Avslag

### Kulturminne

M/K Linholm er ein Hardangerkuttar frå 1920, og eit av dei få attverande fartøya i sitt slag. Fartøyet vart forlenga i 1952 og fekk nytt styrehus same år. I 1968 vart Linholm motorisert.

Tidlegare eigar mottok stønad i 2005 og gjorde omfattande utbetringar i samråd med fylkeskonservator.

### Tiltak

Reparasjon av stavn, skifting av dekksplank. Rekkestøtter, råteskadar på baug og ein akter. Målargang, styrbord side forut råteskadar, må skiftast. Bjelke, bak maskin har råteskade, skiftast. Skifte deler av rekkje, styrbord side akter.

### Tilråding

MK Linholm fekk vernestatus, har ein unik konstruksjon av skroget og har høg verneverdi. I saka i 2013 gjorde vi merksam på at eigar ikkje har søkt om vernestatus for fartøyet enno. Vi kan framleis ikkje sjå at det er sendt søknad til Riksantikvaren om vernestatus. Finn ikkje å kunne prioritere tiltaket. Avslag



## 29. M/Y Tysso

**Kommune:** Odda

**Eigar:** NVIM, Naustbakken 7  
5770 Tyssedal

**Kallesignal:** LHWX

**Kostnad:** 170.000

**Søknadssum:** 70.000

**Tilråding:** 30.000

### Kulturminne

M/Y Tysso vart bygd i 1917 av Oma Baatbyggeri på Stord. Ho vart kjøpt av Glomfjord Smelteverk i 1918. Industriverksemndene i Odda/Tyssedal kjøpte båten i 1923, og AS Tyssefaldende var eigar frå 1947-1987. Båten er nytta til formidling, utleige og representasjon ved NVIM.

### Tiltak

Tilskotet skal nyttast til lakking og måling av skrog og overbygg, slippsetting og vedlikehald. Det skal nyttast linoljemaling og Ravilakk som er oljebasert.

### Tilråding

Eit viktig tiltak på eit fartøy som fekk vernestatus av Riksantikvaren i 1997. Tysso ligg i overbygd kaianlegg ved Hardanger fartøyvernsenter, og slitasjen er minimal, men vanleg vedlikehald er naudsynt.

Kr. 30.000



### 30. M/S Vulcanus

**Kommune:** Bergen

**Eigar:** Vulcanus taubåtkompani,  
Sandviksboder  
kystkultursenter.  
Sanviksboder 15-17  
5035 Bergen

**Kallesignal:** JXDR

**Kostnad:** 1.426.000

**Søknadssum:** 200.000

**Tilråding:** Avslag

#### **Kulturminne**

Slepebåten "Vulcanus" vart levert av Bolsønes verft i Molde som bygg nr. 169 våren 1959. Motoren er ein Alpha type 498V0 på 960 hk v/310 o/m. Vulcanus var søsterskipet til Titan, bygg nr. 168 frå same verft. Sjølv om det er verna er Vulcanus framleis sertifisert og har teke på seg fleire slepeoppdrag.

#### **Tiltak**

Vulcanus vart slippsett i 2013 for å utbetre korrosjonsskadar på akterskroget og ytterdekk. Arbeidet vart kostnadsrekna til 1,3 mill. I Dåfjorden vart det påvist svake parti i baugen under kjettingkassen. Det er vanskeleg å kostnadsrekne dette arbeidet.

#### **Tilråding**

Det er eit omfattande arbeid som må gjerast. Dei endelige kostnadene vert truleg høgare enn kostnadsoverslaget som er sett opp. Vulcanus fekk kr. 1.5 mill. ved årets tildeling frå Riksantikvaren, noko som vil dekke kostnadene for det omsøkte tiltaket.

Avslag



### 31. Markol V

**Kommune:** Bergen  
**Eigar:** Sandsboder  
kystkultursenter.  
Sanviksboder 15-17  
5035 Bergen

**Kallesignal:** LCBH

**Kostnad:** 830.000  
**Søknadssum:** 100.000

**Tilråding:** 50.000

#### **Kulturminne**

Føringsbåten Markol V er truleg den einaste gjenverande føringsbåten som er i seglbar stand. Han vart bygd i 1956 av båtbyggar Edvard Løfall, Løfallstrand i Kvinnherad. Frå byrjinga av 19-talet og fram til 1970 var denne type laste- og slepefartøy ein viktig del av infrastrukturen på Bergen hamn. På det meste var det om lag 50-60 føringsbåtar i drift samstundes.

#### **Tiltak**

Utbれting av dekk, overbygning, fenderlist og svinerygg. Mykje utskifting av elektrisk anlegg.

#### **Tilråding**

Sjølv om tilskotet som det vert innstilt på, er lite, gjer vi merksam på at eigar har ein del midlar som ikkje er nytta. Saman med oppsparte midlar er det truleg nok til å setje i gong det mest pressande arbeidet. Eit godt prosjekt med ei god styring, men lite midlar til rådvelde.

Kr. 50.000



## 32. M/S Bjørn

**Kommune:** Bergen  
**Eigar:** Sandsboder  
kystkultursenter.  
Sandviksboder 15-17  
5035 Bergen

**Kallesignal:** ikkje kjent

**Kostnad:** 170.000  
**Søknadssum:** 170.000

**Tilråding:** 50.000

### Kulturminne

M/S Bjørn vart bygd i 1867 for Bergen Dampbaadelag som slepe- og passasjerbåt og ombygd til brannbåt i 1873. Fartøyvet har originalt skrog, og har ei godt dokumentert historie som brannbåt for Bergen brannvesen i 83 år. Den har klinka jernskrog. Fartøyvet fekk vernestatus i 2013 og vert no brukt som tankbåt for kystkultursenteret i Sandviken

### Tiltak

Utskifting av motor. For å gjøre dette arbeidet, må styrehuset demonterast, og det må skjerast hol i dekket.

### Tilråding

Målet er å få fartøyet i kjørbar stand i 2014. Vi er usikre på om dette let seg gjøre. Eit viktig tiltak, men knapt med midlar. Med gjer merksam på at tilskotet normalt ikkje skal overstige 50% av tiltaket.

Kr. 50.000



### 33. M/S Tysnes

**Kommune:** Tysnes

**Eigar:** Geir Røssland

Kvernabekkvegen 70c  
5243 Fana

**Kallesignal:** LHRF

**Kostnad:** 1.100.000

**Søknadssum:** 200.000

**Tilråding:** 90.000

#### Kulturminne

M/S Tysnes vart levert som lokalrutebåt frå Mjellem og Karlsen til HSD i 1930. I 1963 vart ho sold og ombygd til fraktfartøy. Etter mange år i lokal sandfart på Sørvestlandet som MS «T. J. Osnes» og etter kvart MS «Vartun», gjekk ho i opplag i 1985. Etter to år ved kai i Smedasundet i Haugesund vart ho sold til noverande eigar med tanke på framtidig restaurering tilbake til utsjånaden ho hadde som lokalrutebåt. Restaureringsarbeidet starta i Dåfjorden på Fitjar i 2003.

#### Tiltak

Tilskotet skal nyttast til å sluttføre arbeidet på skroget, og til ferdigstilling av overbygg og motorinstallasjon. Stålarbeidet vert gjort med same metode som då båten vart bygd. Det vert nytt dekksplank(furu) til dekket.

#### Tilråding

M/S Tysnes er eit av få stålalinka skrog i Hordaland som er att. Fartøyet fekk vernestatus i 1994, og har høg verneverdi. Eit tiltak som bør prioriterast.  
Kr. 90.000

